



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for kultur
Møtestad	Selje Hotell
Møtedato	16.03.2011
Kl.	10.30 – 16.00

Faste medlemer til stades:

Sissel Loen, H, leiar
Gunnvor A. Sunde, uavhengig
Nils Gjerland, Sp
Randi Rønnekleiv Melvær, Sp
Mari Andrea Ness, Sp
Bjarne Holme, Frp
Norunn Lunde Furnes, KrF
Kåre Jarl Langeland, V

Forfall til møtet:

Harry Mowatt, Ap, nestleiar

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 2.02.11 vart godkjend utan merknader.

Orienteringar:

- Bjørn Jensen, prosjektleiar for ruinprosjektet på Selja orienterte om Selje kloster - status og vidare arbeid.
- Helga Reksnes, prosjektleiar for Selja og Stadt orienterte om Selje kloster og pilegrimsarena – ei klosterklynge.
- Ordførar Gunn Helgesen og kommunalsjef Bård Fløde orienterte om andre aktuelle utviklingsprosjekt i kommunen.

SAK 11/11 Kulturmidlar 2011 - fordeling av tilskot kulturorganisasjonar

VEDTAK:

- 1 Frå teneste 5001 tilskot til lag og organisasjonar vert det løyvd følgjande tilskot til kulturorganisasjonar for 2011

Nr.	Søkjjar	Tilskot 2011
1	Sogn og Fjordane Pensjonistlag	80 000
2	Sogn og Fjordane Husflidslag	180 000
3	Norges Husflidslag, Oslo	190 000
4	Folkeakademiet Sogn og Fjordane	100 000
5	KFUK-KFUM Fjordane og Sogn	120 000
6	Sogn og Fjordane Ungdomslag	200 000
7	Sogn og Fjordane 4H	310 000
8	Norges Korforbund Sogn og Fj.	75 000
9	Sogn og Fjordane Folkemusikklag	200 000
10	NorskMusikkorpsforbund NV	230 000
11	Sogn og Fjordane Kulturnettverk	0
12	Sogn og Fjordane Idrettskrins	1 250 000
	Sum	2 935 000

2. Vilkår for utbetaling er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett

SAK 12/11 Kulturmidlar 2011 - løyvingar til festivalar/arrangement

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Frå teneste 5001 tilskot til lag og organisasjonar vert det løyvd følgjande tilskot til festivalar/arrangement

1	Balejazz	200 000
2	Gloppen musikkfest	100 000
3	Kinnaspelet	90 000
4	Kulturfestival - Norsk forbund for utviklingshemmede	80 000
5	Stiftinga Norsk Country Treff	50 000
6	Glopperockfestivalen i 2011	30 000

7	Stiftinga Målrock	50 000
9	Stiftinga Utkant	50 000
10	Krimfest Vest	30 000
	Sum	680 000

2. Vilkår for utbetaling av tilskotet er at tiltaket vert gjennomført i samsvar med godkjende planar

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg:

Tilskot til Kinnaspelet vert auka med 20 000 til 110 000.

Tilskot til Balejazz vert redusert med 10 000 til 190 000

Tilskot til Stiftinga Norsk Country Treff vert redusert med 5 000 til 45 000

Tilskot til Stiftinga Målrock vert redusert med 5 000 til 45 000

Avrøysting:

Framstegspartiet sitt endringsframlegg fekk 3 røyster (Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti) og vart dermed forkasta.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Frå teneste 5001 tilskot til lag og organisasjonar vert det løyvd følgjande tilskot til festivalar/arrangement

1	Balejazz	200 000
2	Gloppen musikkfest	100 000
3	Kinnaspelet	90 000
4	Kulturfestival - Norsk forbund for utviklingshemmede	80 000
5	Stiftinga Norsk Country Treff	50 000
6	Glopperockfestivalen i 2011	30 000
7	Stiftinga Målrock	50 000
9	Stiftinga Utkant	50 000
10	Krimfest Vest	30 000
	Sum	680 000

2. Vilkår for utbetaling av tilskotet er at tiltaket vert gjennomført i samsvar med godkjende planar

SAK 13/11

Kulturmidlar 2011 - løyvingar til diverse tiltak

VEDTAK:

1 Det vert fordelt følgjande løyvingar frå teneste 5001

1)	Vestnorsk Jazzsenter	kr. 100 000
2)	Vestlandsutstillinga 2011	kr. 100 000
3)	Sogn og Fjordane Symfoniorkester	kr. 125 000
4)	Bergen Filharmoniske Orkester	kr. 200 000
5)	Stiftinga Singerheimen	kr. 250 000
6)	Skjøtsel av kulturminne	kr. 100 000
	Sum	kr. 875 000

2. Vilkår for utbetaling er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett.

Gunnvor Sunde, styremedlem Stiftinga Singerheimen, gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

SAK 14/11 Kulturutviklingsmidlar 2011

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd kulturutviklingsmidlar til følgjande tiltak i 2011:

Søkjjar:	Tiltak:	Tilråding
Sogn og Fjordane Ungdomslag	Huset i bygda	100 000
Naustdal kommune	Slettemark Art	80 000
Sandsund/Lie	Sandsund/Lie	70 000
May Elin Eikaas Bjerck	Under breen	50 000
Siri Benjaminsen	Huldreduken	50 000
Selje kommune	Kystpilgrim	65 000
Jølster Jazzklubb	Jazz på Jølst	40 000
Naustdal kommune	Slettemark Rose	30 000
Kaija Nordang	Sprell teaterskule	20 000
Sum		505 000

2. I samsvar med FT-vedtak 66/10 budsjett 2011 vert det løyvd fylgjande frå programområde 5007 Museum/Kulturminnevern:

- Kr. 300 000,- til ruinprosjektet, Selja Kloster
- Kr. 500 000,- til Norsk Kvernsteinsenter. Dette gir, saman med løyving i pkt 1, eit samla tilskot på 1 mill kr.
- Kr 1 010 000,- i driftstilskot til Tusenårsstaden Gulatinget

3. Det vert ikkje løyvd kulturutviklingsmidlar til:

Søkjjar:	Tiltak:
Hyllestad kommune	Undring
Førde Volleyballklubb	Utviklingskonsulent
Dag Henning Reksnes	I kjølevatnet etter Gange-Rolv
Kinn Kyrkjelege Fellestråd	Sunnivaleia
Anna Marie Malkenæs	Annalåven

Endringsframlegg:

Hovudutvalet gjorde slikt framlegg til endring:

Det vert teke inn eit nytt punkt 1 i vedtaket henta frå tabellen i pkt 3.1 i saksframstillinga:

1. Følgjande tidlegare vedtak vert stadfesta for løyving i 2011

Søkjjar	Tiltak	2011
Norsk Kvernsteinsenter	Etablering av driftsorganisasjon (HK-sak 52/09)	500 000
Nærøyfjorden	Kulturminne i verdsarvområde	200 000
Fylkeskommunen	Stipendordning for kunstnarar	200 000
Jakob Sande-selskapet	Utvikling av Klokkargarden i Dale	120 000
Bassengnemda i Bulandet	basseng	200 000
Aurland kommune	Nynorske litteraturdagar (FT-vedtak 66/10)	100 000
Styringsgruppa for tusenårsstaden	Thing – EU-prosjekt	100 000
Vestnorsk filmsenter	Filmsamarbeid på Vestlandet/i S&Fj	300 000
Fylkeskommunen	Coast Alive, prosjektarbeid	100 000
Fylkeskommunen	Fartøyvern	100 000

Avrøysting:

Samrøystes vedteke

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Følgjande tidlegare vedtak vert stadfesta for løyving i 2011:

Søkjjar	Tiltak	2011
Norsk Kvernsteinsenter	Etablering av driftsorganisasjon (HK-sak 52/09)	500 000
Nærøyfjorden	Kulturminne i verdsarvområde	200 000
Fylkeskommunen	Stipendordning for kunstnarar	200 000
Jakob Sande-selskapet	Utvikling av Klokkargarden i Dale	120 000
Bassengnemda i Bulandet	basseng	200 000

Aurland kommune	Nynorske litteraturdagar (FT-vedtak 66/10)	100 000
Styringsgruppa for tusenårsstaden	Thing – EU-prosjekt	100 000
Vestnorsk filmsenter	Filmsamarbeid på Vestlandet/i S&Fj	300 000
Fylkeskommunen	Coast Alive, prosjektarbeid	100 000
Fylkeskommunen	Fartøyvern	1000

2. Det vert løyvd kulturutviklingsmidlar til følgande nye tiltak i 2011:

Søklar:	Tiltak:	Tilråding
Sogn og Fjordane Ungdomslag	Huset i bygda	100 000
Naustdal kommune	Slettemark Art	80 000
Sandsund/Lie	Sandsund/Lie	70 000
May Elin Eikaas Bjerck	Under breen	50 000
Siri Benjaminsen	Huldreduken	50 000
Selje kommune	Kystpilgrim	65 000
Jølster Jazzklubb	Jazz på Jølst	40 000
Naustdal kommune	Slettemark Rose	30 000
Kaija Nordang	Sprell teaterskule	20 000
Sum		505 000

3. I samsvar med FT-vedtak 66/10 budsjett 2011 vert det løyvd fylgjande frå programområde 5007 Museum/Kulturminnevern:

- Kr. 300 000,- til ruinprosjektet, Selja Kloster
- Kr. 500 000,- til Norsk Kvernsteinsenter. Dette gir, saman med løyving i pkt 1, eit samla tilskot på 1 mill kr.
- Kr 1 010 000,- i driftstilskot til Tusenårsstaden Gulatinget

2. Det vert ikkje løyvd kulturutviklingsmidlar til:

Søklar:	Tiltak:
Hyllestad kommune	Undring
Førde Volleyballklubb	Utviklingskonsulent
Dag Henning Reksnes	I kjølevatnet etter Gange-Rolv
Kinn Kyrkjelege Fellestråd	Sunnivaleia
Anna Marie Malkenæs	Annalåven

SAK 15/11

Statleg tilskot kap 1429 post 72 - freda bygg 2011

VEDTAK:

1 Tildeling frå post 72.2 Freda bygg og anlegg

- | | |
|---|---------------|
| 1. Yris hotell | kr: 830 000,- |
| 2. Eldhuset, Bruland futegard | kr: 670 000,- |
| 3. S. Kloumanns allé 3 | kr: 20 000,- |
| 4. Prosjektstilling, restaureringsleiar | kr: 350 000,- |
| 5. Freda bygg seminar | kr: 30 000,- |

2 Tildeling frå post 72,4 Kystkultur

- | | |
|---|-----------------|
| 1. Rugsund handelsstad | kr: 1 470 000,- |
| 2. Hagevik tønnefabrikk | kr: 150 000,- |
| 3. Prosjektstilling, restaureringsleiar | kr: 180 000,- |

3 Tildeling frå post 72.9 Verdsarv

- | | |
|---|-----------------|
| 1. Restaureringsplan | kr: 200 000,- |
| 2. Prosjektstilling restaureringshandverkar | kr: 285 000,- |
| 3. Torsteinslåven på Bakka | kr: 1 000 000,- |
| 4. Løe på Nedbergo | kr: 150 000,- |
| 5. Stabbur på Nedbergo | kr: 60 000,- |
| 6. Naust på Styvi | kr: 90 000,- |

SAK 16/11 Tilskot til Fartøyvern 2011

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyver kr 100 000 til fartøyvern for 2011.
Budsjettdekning ansvar 1500 181 utviklingsmidlar.
2. Fylkeskommunale midlar til fartøyvern i Sogn og Fjordane, saman med forventa tilskot på kr. 100 000 frå Riksantikvaren, vert fordelt slik i 2011:

1	M/S Stangfjord	Kr 100 000
2	D/S Stavenes	Kr 100 000
	Sum	Kr 200 000

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg:

M/S Atløy vert tildelt tilskot kr 50 000
Galeasen Svanhild vert tildelt tilskot kr 50 000
Tilskot til M/S Stangfjord vert redusert med kr 50 000 til 50 000
Tilskot til D/S Stavenes vert redusert med kr 50 000 til 50 000

Avrøysting:

Framstegspartiet sitt endringsframlegg fekk ei røyst (Framstegspartiet) og vart dermed forkasta.

Fylkesdirektøren si tilråding fekk 7 røyster og vart dermed vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyver kr 100 000 til fartøyvern for 2011.
Budsjettdekning ansvar 1500 181 utviklingsmidlar.
2. Fylkeskommunale midlar til fartøyvern i Sogn og Fjordane, saman med forventa tilskot på kr. 100 000 frå Riksantikvaren, vert fordelt slik i 2011:

1	M/S Stangfjord	Kr 100 000
2	D/S Stavenes	Kr 100 000
	Sum	Kr 200 000

Kåre Jarl Langeland, V, gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

SAK 17/11 Sogn og Fjordane 250 år

VEDTAK:

Hovudutval for kultur rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek hovudansvar for å markere fylket sitt 250-års jubileum i 2013.
2. Det vert etablert ein jubileumskomitè med deltaking frå Fylkesmannen, Kommunenes Sentralforbund Sogn og Fjordane og fylkeskommunen.
3. Som fylkeskommunen sine representantar i komiteen vert valde
 - 1) Fylkesordførar
 - 2) Leiar hovudutval for kultur
4. Som komiteleiar vert vald. Fylkesordførar
5. Jubileumskomiteen får fullmakt til å organisere det vidare arbeidet, og forme ut forslag til program for markeringa med utgangspunkt i:
 - a) ei offisiell hovudmarkering 19.september 2013
 - b) ein profileringspakke for markeringa
 - c) supplerande aktivitetar
6. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenner endeleg jubileumsprogram.

7. Den økonomiske ramma for markeringa vert å komme attende til i samband med budsjett 2012/økonomiplan 2012-15.

Som saksordførar i Fylkestinget vert vald: Nestleiar i hovudutval for kultur Harry Mowatt, Ap

SAK 18/11 Høyring - Ungdommens Kulturmønstring - Strategiplan 2010-2014

VEDTAK:

1. Hovudutval for kultur tek saka til vitande.

SAK 19/11 Høyring - Kriterier for regionale filmsentra

VEDTAK:

1. Hovudutval for kultur tek saka til vitande.
2. Fylkesdirektøren får til oppgåve å svare på høyringa i samsvar med dette, innan fristen 1. april.

SAK 20/11 Innspel til arbeid med stortingsmelding om kultur og inkludering

VEDTAK:

1. Framlegg til innspel til Kulturdepartementet om kultur og inkludering vert vedteke slik det ligg føre.

SAK 21/11 Skriv og meldingar

1. Sogn og Fjordane idrettskrins - Handlingsprogram 2011-2015
2. Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014, vedteken i FT 14.12.10.

3. Bokbåten Epos – program vinteren 2011

Notat til drøfting:

4. Konsolidering av Norsk Kvernsteinsenter under Musea i Sogn og Fjordane
Forslag til Intensjonsavtale mellom Musea i Sogn og Fjordane, Norsk Kvernsteinsenter og Sogn og Fjordane fylkeskommune vart lagt fram i møte

Lagt fram i møte:

5. Program for Hyllestadseminaret 2011
6. THING Project Gulen 5-7 april 2011, program

Neste møte i hovudutval for kultur den 13. april vert i Balestrand. Møte 14.- 15. juni vert lagt til Solund.

SAK 22/11

Prioriteringar for kulturminneforvaltningen 2011

VEDTAK:

Hovudutval for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Brev frå Riksantikvaren av 16.12.2010 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2011 vert teke til vitande.
